



## Statens vegvesen

### Referat

Dato: 28.11.2018  
Tid: 12:00  
Referent: Torun Emma Torheim

Saksbehandler/telefon:  
<Saksbehandlersnavn / tlf>  
Vår dato: Velg dato.  
Vår referanse:

### Referat frå møte om Bondeviki – Fardal

**Sted:** Leikanger  
**Møteleder:** Torun Emma Torheim  
**Til stede:** Arne Glenn Flåten (grunneigar), Bente Øyre, Eivind Yttri, Jens-Ivar Nilsen og Torun Emma Torheim  
**Forfall:** Ole Simen Nesdal

Grunneigar av gbnr. 67/1 i Sogndal kommune, Arne Glenn Flåten, ønskja møte med Statens vegvesen for å tydeleggjere hans ønskjer som grunneigar innanfor planområdet. Han er positiv til utbetring av vegen og ser at ting er misforstått og utydelege. Ved å ha eit felles møte kunne vi diskutere oss gjennom dette og kome med framlegg til løysing.

I gamal reguleringsplan ligg det inne fleire hyttetomter:



I planframlegget som var lagt fram for kommunestyret i Sogndal 18. oktober 2018 var B2, H6, H9 og H10 teke ut av planen med bakgrunn i merknad frå Fylkesmannen.

Arne Glenn ønskjer at H9 og H10 framleis skal gjelde. Statens vegvesen er opptekne av at utbygging på desse tomtene ikkje vert til hinder for framtidig anleggsområde og veg. Arne Glenn Flåten vil skrive erklæring til Statens vegvesen om at ingen av desse hyttane vert bygd før anlegget er ferdig.

Det er to alternativ for å imøtekome grunneigar samstundes som SVV sine interesser vert ivareteke. Enten kan vi regulere inn delar av H9 og H10 (gamal plan frå 1996) inn igjen i reguleringsplan med utbyggingsrekkefølge. Alternativt kan vi gjere plangrensa mindre ved å ta ut områda for utleiehyttane H9 og H10. I møtet drøfta vi begge alternativa, og tenkjer å gå for alternativ 1 og sende planen over til kommunen med desse endringane før slutthandsaming i kommunestyret.

Den 14.11.2018 sendte Statens vegvesen brev til Sogndal kommune der vi bad om ei nærare vurdering av kommunestyrevedtaket 18.10.2018. Vi har ikkje fått svar frå kommunen på dette, men har fått opplyst at detaljreguleringsplan for Bondeviki-Fardal skal handsamast på nytt av kommunestyret den 13.12.2018. Møtereferatet vert difor også sendt til kommunen.

Når det gjeld punkt om mur framfor fylling vart dette også diskutert kort i møte. Grunneigar var tydeleg på at det er særleg i dette området han ønskjer mur:



Det er for tidleg på noverande tidspunkt å seie noko om kva som vert gjort her, men det vert eit tema i neste fase. Det er viktig no å få vedteke reguleringsplanen og kome vidare i prosessen.

Torun Emma Torheim, 29.11.2018